



Trond Magnus Vågenes

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/18 - 17/3492

Saksbehandlar:

Hogne Askeland

hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:

16.03.2017

Byggesak Gbnr 29/8 Vågenes Øvre - riving av låve - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 068/2017

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : Vågenesvegen 134

Tiltakshavar : Trond Magnus K Vågenes

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av løe på eigedom 29 bnr. 8. Bygningens storleik er ikkje oppgitt i søknaden.

Det vert elles vist til søknad mottatt 04.01.2017.

Saksutgreiing:

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF-område.

Uttale frå annan styresmakt

Saka har vorte sendt til uttale til Felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy og til kulturminnemynde i Radøy kommune

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Det ligg føre slik uttale frå landbrukskontoret av 17.02.2017:

«Landbrukskontoret har ikkje merknader til det omsøkte tiltaket då driveplikta kan oppfyllest utan den utdaterte driftsbygningen. Driveplikta kan oppfyllest ved å leige bort jordbruksarealet til bruk i drift i nabolaget som treng tilleggsjord.»

Det ligg føre slik uttale frå kulturminnemynde i Radøy kommune, datert 24.03.2017:

Emne: Gbnr 29/8 Vågenes øvre - riving av løe

Viser til søknad om riving av løe på gnr 29/8 på Vågenes.

Arild Sætre frå Kulturverntenesta i Nordhordland har vore på synfaring på løa og har fotografert bygget og kome med innspel.

Løa er sefrakregistert og i følgje denne registreringa skal løa vera frå 1800-talet. Løa hadde opprinnleg fem grunder, tørrmur på eine langsida og tømra flor. Den er seinare bygd på fleire gonger. I tilknytning til løa står to potetkjellarar.

Eg har ingen merknader til at løa vert riven, då den ikkje har spesielt høg kulturminneverdi og tilstanden gjer at den er vanskeleg å restaurera. Potetkjellarane som ligg ved løa bør bevarast.

*Bente K. Hervik
rådgjevar kultur*

Dispensasjon

Byggjesaksmynde vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering. Det er ikkje søkt om terrengendringar, bygningsstyresmakta i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrengendringar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan vedlagt søknaden.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.01.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

VURDERING:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-4 jf. byggesaksforskrifta § 3-2 a vert det GODKJENT riving av driftsbygning som vist i søknad av 04.01.2017 på følgjande vilkår:

1. Avfall skal leverast til godkjent avfallsdeponi og skal kunne dokumenterast i ettertid.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.3.1	Basisgebyr	kr	5 600,00
SUM		kr	5 600,00

Gebynet skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Når arbeida er å sjå på som ferdige skal tiltakshavar skriftleg rapportere dette til kommunen på eige skjema. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Dokumentasjon for byggverket si plassering på tomta skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 17/18

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Trond Magnus Vågenes